

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
434.4	Knut Øyjordet	01.07.21	28/21

SØKNAD OM LANDING MED HELIKOPTER OG BRUK AV ATV FOR FILMINNSPELING VED VARGEBUE

Saksdokument:

E-post frå kommunen av 25.06.21 med vedlegg.

Saksutgreiing:

Motion Blur som er eit filmproduksjonsselskap, har søkt kommunen om løyve til å lande med helikopter ved Vargebue og transportere utstyr med ATV fram til bue i samband med produksjon av ein ny film (Troll). Dei har «blinka ut» Vargebue som ein god lokalitet for ei filmscene der, dvs. det skal kome ein liten gjeng med eit helikopter for å hente han som «bur» i bue. Opptaket er planlagt den 8. september. Inn- og utfrakting av utstyr er opplyst vil skje i ei periode over fem dagar. Det er ønskje om å køyre inntil tolv turar fram og tilbake med ATV, og dersom det ikkje blir gjeve løyve til bruk av ATV, trengst det seks helikopterløft.

Det må innhentast løyve både frå kommunen og fjellstyret. Normalt behandlar kommunen slike søknader om motorferdsel i utmark fyrst, men fordi det ikkje er sett opp politisk møte før i september, så ber kommunen fjellstyret om å behandle saka fyrst denne gongen. Og er fjellstyret negativ til transport med ATV, så treng ikkje kommunen behandle søknaden som omfattar bruk av ATV. Løyve til landing med helikopter kan kommunen behandle administrativt.

I e-postutvekslinga mellom filmselskapet og kommunen og i e-posten frå kommunen til fjellstyret, har kommunen gjeve «klare» signal, dvs. kommunedirektøren vil innstille på avslag når det gjeld barmarkskøyring med ATV. Dette fordi det ikkje er eksisterande køyrespor i området. Det må køyrast i eit blautt område med myrdrag og det er såleis ikkje til å unngå at det blir synlege spor. Etter reglane er det berre i heilt spesielle tilfelle at kommunen kan gje slikt løyve, og da skal køyring følgje eldre køyrespor. Kommunen er positiv til å gje løyve til start/landing med helikopter.

Vurdering:

Køyring med ATV frå Valdresflyvegen og fram til Vargebue, om det er med eller utan belte på ATV-en, er ikkje tilrådeleg. I dette området er det ein del blaute parti, og det er umogleg å kome fram berre i tørt lende. Difor vil bruk av ATV medføre synlege spor i terrenget. Søknaden om bruk av ATV må difor bli avslått. Dette er også i tråd med signala frå kommunedirektøren. Men bruk av helikopter for innfrakting av utstyr skulle vera greitt sidan helikopter skal nyttast i sjølve filmscena ved Vargebue lell.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til søknad frå Motion Blur, og gjev med dette etter § 10 i lov om motorferdsel i utmark løyve til å starte og lande med helikopter ved Vargebue inntil seks turar i løpet av ei femdagarsperiode knytt til innspeling av filmen Troll den 8. september. Fjellstyret avslår søknaden om bruk av ATV til frakt av utstyr til Vargebue fordi det generelt er blautt terreng i dette området og at det difor blir synlege spor ved bruk av terrengkøyretøy.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Motion Blur v/Jenny Victoria Jærn

Kopi til:

Vågå kommune

Vågåmo, 02.07.21

Knut Øyjordet (e.f)